

---

Saksnr: 2021/540-2  
Saksbehandlar: Even Storheim  
Dato: 08.01.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for næring

---

**Frå:** Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling

---

## Vegkart for grøn konkurransekraft i norske kommunar og regionar

Vestland fylkeskommune skal i 2021 -2023 delta i eit samarbeidsprosjekt der ein skal teste eit indikatorsystem for grøn konkurransekraft. Hovudmålet med prosjektet er å skape auka forståing for samanhengen mellom næringsutvikling og klima- og bærekraftsmål.

Partnarane i prosjektet er:

- Trondheim kommune (*prosjekteigar*)
- Bergen kommune
- Trøndelag fylkeskommune
- Vestland fylkeskommune
- Stjørdal kommune
- Bjørnarfjorden kommune
- SINTEF
- Klimapartnere

### **Bakgrunn for prosjektet**

I våren 2020 utarbeida SINTEF rapporten "Kartlegging av grøn konkurransekraft i Trondheimsregionen" på oppdrag frå Miljøeininga i Trondheim kommune og Trondheimsregionen. Oppdraget innebar kartlegging av status samt forslag på korleis grøn konkurransekraft kan målast over tid.

En rekke sektorar har levert inn egne vegkart for grøn konkurransekraft til regjeringa. Det er på tide å utarbeide et vegkart for norske kommunar for å i størst mogleg grad sikre at verkemidlane brukast på best mogleg måte.

Norske kommunar og fylkeskommunar med sin verkemiddelbruk og samfunnsansvar, er en viktig aktør i det grønne skiftet. Utvikling av eit eget vegkart for grøn konkurransekraft innebera å skaffe innsikt i korleis utviklingsarbeidet betre kan beskrivast og deretter korleis treffande tiltak og politikk utformast.

Trondheim kommune med samarbeidspartnarar søkte hausten 2020 om støtte til prosjektet «Vegkart for grøn konkurransekraft i norske byar og regionar» frå Forskningsrådet. Søknaden blei innvilga i desember 2020 og Forskningsrådet har løyva 6 millionar kroner til prosjektet.

**Test av indikatorsystem**

Indikatorsett og -systemet som skal testast i prosjektet er basert på rapporten som SINTEF leverte til Trondheim kommune i 2020 ("Kartlegging av grøn konkurransekraft i Trondheimsregionen"). Indikatorsystemet skal måle graden av grøn konkurransekraft i næringslivet i utvalde byar og regionar i Norge.

Dei som skal teste indikatoremålingane i dette prosjektet er to storbykommunar, to mindre nabokommunar og to fylkeskommunar (Bergen, Trondheim, Bjørnarfjorden, Størdal, Trøndelag og Vestland).

Resultantane vil gi ei unik moglegheit for samanlikning og benchmarking. Prosjektet planlagt startar i mars 2021 og varer i 2,5 år. Indikatorsett og -system for måling skal testast ut over en periode av to år.

**Modell for grøn konkurransekraft**

SINTEF vil parallelt arbeide med ein kryssløpsmodell som baserer seg på indikatorsystemet. Denne modellen skal predikere korleis endringar i indikatorverdiane vil påverke både den aktuelle og dei omkringliggende regionane.

Ein vil med andre ord få ein ringvirkingsanalyse av korleis effektane av ny politikk og endringar i verkemiddelbruk vil påverke grøn konkurransekraft i næringslivet.

Å ha gode indikatorar for grøn konkurransekraft er essensielt for å lukkast med det grønne skiftet. Dersom vi ikkje kan måle og talfeste kor grønt næringslivet i Vestland er i dag, er det særst vanskeleg å vite om dei tiltaka vi har gjort, gjer i dag og som vi vil gjere i framtida har den ynskjande effekten.

Dette prosjektet vil derfor være viktig for vidare arbeid med grøn næringsutvikling i Vestland. Indikatorsystemet vil være særst nyttig for å følgje opp Berekraftig verdiskaping, regional planen for innovasjon og næringsutvikling i Vestland (2021 - 2033).

Prosjektet har ambisjon til å være en nasjonal pilot. Kunnskap og erfaringar frå dette prosjektet vil aktivt formidlast gjennom samarbeid med Klimapartnere nasjonalt og Bærekraftsnettverket i regi av KS.